



Egil Pile og Jostein Røysland syner sjølve vaskeanlegget med grovfilter og dekanter (separator).

Selstad er godt etablert med sin nye servicestasjon i Uskedalen. Selstad overtok område 1. august og har brukt tida fram til oppstart til opplæring og montering av alt utstyr ute og inne i det som var den gamle beddinghallen og i nyehallen. Uskedalen.no har vore på bedriftsbesøk. Vi fekk ei god innføring i arbeidsprosessen frå nota kjem inn til ferdig reparert og impregnert not går ut.



Frank Steinsletten styrer den store vasketromelen som tek 50 m3 og vert køyrt i sekvensar til nota er rein.

Driftsleiar, Egil Pile, syner oss rundt og fortel om produksjonen. Nota kjem til Uskedalen anten med båt eller med bil. Oppdrettaren står for transporten og avgjer sjølve om dei skal bruka bil eller båt. Så langt har det vore begge deler. Jørn Hjelmeland er ein av dei som har avtale om transport. Kundane er mellom anna Marine Harvest og Alsaker Fjordbruk.

Så startar vaskeprosessen. Mengda skit avgjer kor lang tid dette tek. Det kan vera frå 4 til 8 timar. Nota vert heist opp og lagt inn ei stor vasketrommel. Ein stor reinsemaskin med eit grovfilter tek ut dei største komponentane, ein mindre dekanter (separator) står for finvasinga. Nota vert så desinfisert før den går vidare inn i bøtehallen.



I den store hallen vert nota gjort klar for reperasjon og bøting. F.v: Hans Robin Gravvdal og Tore Fausk vinsjar nota inn på store tromler under taket.

I bøtehallen vert nota granska nøye for å sjå om det er hol eller andre skader. Notbøtaren gjer eit arbeid som liknar på det å bøta garn på gamlemåten. Alle mann er opplært på alle arbeidsoperasjonane og skal kunna brukast på alt, ute og inne. Til vanleg er det 1 - 2 mann i mottaket og som står for sjølve vaskinga. 3 mann er inne i bøtehallen.

Selstad har mange lokasjonar på kysten, fire av dei gjer det same som i Uskedalen. Uskedalen er den lokasjonen som ligg lengst sør. Den næraste lokasjonen til Uskedalen er Solund. Det vert sett omfattande og strenge miljøkrav til arbeidet. Det er nullutslepp av forureinsa prosessvatn.

Pile er godt nøgd med oppstarten. Det er god krankapasitet, god plass på kaien og stort lager for notposar og anna utstyr. Det er viktig å få fram at Selstad er ein stor og viktig leverandør på utstyr til maritime næringar. Produktkatalogen er på heile 100 sider og syner alt kva Selstad leverer av kvailtetsutstyr til oppdretts- og fiskerinæringa.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Nota kjem til Selstad anten med båt eller bil. På Eidsvik er det stor kai-og krankapasitet.